





KI-notat nr.: 56/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/Eitreneselvi kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Balestrand	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Ivar Sægrov	for Sign.: 
Dato:	05 JUN 2009	
Vår ref.:	NVE 200702130-7 rv/ias	
Sendes til:	Søkjar og alle som har gieve uttale i saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Småkraft AS - Søknad om løyve til å bygge Eitreneselvi kraftverk i Balestrand kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Søknad	2
Høyring og distriktshandsaming	5
Småkraft AS sine kommentarar til uttalane	17
Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) sine merknader	22
NVE si vurdering	27
NVE sin konklusjon	29
Kommentarar til vilkåra etter vassressurslova	29

Samandrag

Småkraft AS har søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Eitreneselvi kraftverk. Eitreneselvi ligg på grensa mellom kommunane Balestrand og Høyanger i Sogn og Fjordane. Søkjar har inngått avtale med grunn- og falleligarane til Eitreneselvi for å utnytte vasskraftressursane på den aktuelle fallstrekkeja.

Kraftverket som er planlagt skal utnytte ei fallstrekkeje med eit samla fall på 488 m. Installert effekt blir på 3 MW og det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca 11 GWh. Utbyggingsprisen er utrekna til ca kr 2.70/kWh basert på prisnivå medio 2005.

Balestrand kommune er positive til at dette vassdraget kan nyttast til lokal verdiskaping, og tilrår at det blir gjeve konsesjon for utbygging av det planlagte kraftverket.

Høyanger kommune uttalar i brev til NVE at kommunen "sluttar seg til utbyggingsplanane for Eitreneselvi kraftverk på grensa til mellom Høyanger og Balestrand kommunar."

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av kraftverket etter alternativ 1.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si vurdering er at utbygginga vil være konfliktfylt i høve til landskapsverdiar og inngrepsfri naturområde. Fordi Eitrefossen er eit viktig landskapselement i høve til Sognefjorden, og det er inngrepsfrie område heilt ned til sjøen, rår fylkesmannen ifrå kraftutbygging i Eitreneselvi slik som det er søkt om.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane konkluderer med å rå i frå ei kraftutbygging i Eitreneselvi først og fremst ut frå omsynet til landskapet.

Sogn og Fjordane turlag vurderer det slik at utbygginga kan være akseptabel i høve til verknader for turlaget sine primære interesser, men er skeptisk til verknader utbygginga vil kunne få for landskapet mot fjorden og tilrår NVE å avslå konsesjonssøknaden.

NVE meiner at dei negative verknadene ved utbygging og drift i rimeleg grad kan avgrensast til eit akseptabelt nivå ved avbøtande tiltak. Slike tiltak vil være variabel minstevassføring til Eitreneselvi og strenge miljømessige krav til gjennomføring av utbygginga.

Ei utbygging av Eitreneselvi kraftverk vil gje auka verdiskaping for falleigarane i lokalsamfunnet.

Kraftverket vil også gi eit visst bidrag til auke i kraftproduksjonen.

Etter ei samla vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne fråsegner, finn NVE at fordelane ved å bygge og drifte Eitreneselvi kraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

I medhald av vassressurslova § 8 blir det gjeve løyve til å bygge Eitreneselvi kraftverk. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad datert 2. juni 2006:

"Småkraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Eitreneselvi i Balestrand og Høyanger kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til

- Å bygge Eitreneselvi kraftverk med installert effekt inntil 3,0 MW

2. Etter energiloven, Lov av 29. juni 1990, nr 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer om tillatelse til:

- Å installere en generator på inntil 3,0 MW i med nødvendig elektrisk anlegg.
- Å installere nødvendig koplingsanlegg for kabeltilknytning

Elektrisk konsesjon for legging av 22 kV kabel/luftlinje fra kraftstasjonen og frem til eksisterende 22 kV linje

3. Etter forurensningsloven om tillatelse til:

- Gjennomføring av tiltaket"

Nedanfor er tabell over hovuddata for kraftverket gjeve attende:

	Alt. 1	Alt. 2
Nedbørfelt (km ²)	5,71	5,41
Herav overført felt (km ²)	0,30	0
Middevannføring (m ³ /s)	0,414	0,391
Alminnelig lavvannføring (m ³ /s)	0,032	0,030
Inntak (moh)	490	490
Kraftstasjon (moh)	2	2
Brutto fallhøyde (m)	488	488
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	1,13	1,13
Slukeevne, maks (m ³ /s)	0,72	0,72
Slukeevne, min (m ³ /s)	0,03	0,03
Tilløpsrør, diameter (mm)	600	600
Tilløpsrør, lengde (m)	360	360
Sjaktlengde (m)	550	550
Tunellengde (m)	380	380
Installert effekt, maks (kW)	3000	3000
Bruktid (t)	3850	3700
Magasinvol. Mill. m ³	0	0
Produksjon, vinter 1/10-30/4 (GWh)	4,9	4,6
Produksjon, sommer 1/5-30/9 (GWh)	6,2	6,0
Produksjon, årlig middel (GWh)	11,1	10,6
Utbyggingskostnad (mill. kr)	29,9	29,4
Utbyggingspris (kr/kWh)	2,70	2,77

Videre refererer vi frå avsnitt om hydrologi og tilsig:

”Eitreneselvi har et totalt nedbørfelt på 5,73 km² ved utløpet i fjorden, og middelvannføringen over perioden 1961-1990 er beregnet til 0,41 m³/s. Ved inntaket er nedbørfeltet 5,41 km² og vannføringen 0,39 m³/s. Alminnelig lavvannføring ved inntak er beregnet til 0,030 m³/s. Videre er det planlagt en overføring av en bekk som renner parallelt med Eitreneselvi, nedbørfeltet ved overføringspunktet er 0,3 km² og midlere vannføring er 23 l/s. Det er ikke beregnet alminnelig lavvannføring for overført felt da denne vil være neglisjerbar i et så lite felt.

Persentiler (5%) for sommer og vinter er beregnet til hhv 77 l/s og 33 l/s for tilsig til inntaket.

Tabellen under viser feltareal og tilsig ved de viktigste punktene i vassdraget.

Eitreneselvi	Feltstørrelse (km ²)	Spesifikk avrenning (l/s/km ²)	Midlere årlig tilsig (mill.m ³ /år)	Midlere vannføring (m ³ /s)
Inntak	5,41	72,2	12,326	0,39
Restfelt	0,32	49,6	0,501	0,02
Totalfelt	5,73	70,9	12,827	0,41
Overført felt	0,30	78,0	0,74	0,023

Vi refererer også følgende fra avsnittet om kraftproduksjon:

"Produksjonen for alternativ 1 (med overføring) og alternativ 2 (uten overføring), fordeles som følger (GWh/år):

Alt 1, Uten minstevannføring	6,4	4,9	11,3
Alt 1, Med foreslått minstevannføring	6,2	4,9	11,1
Alt 2, Uten minstevannføring	6,2	4,6	10,8
Alt 2, Med foreslått minstevannføring	6,0	4,6	10,6

Effekten av slipping av minstevann er vurdert som vist over, det er antatt slipping av 30 l/s minstevann i perioden 15. mai til 15. sept."

Frå rapport utarbeidd av NVK Multikonsult refererer vi følgende frå samandraget::

"....

Det planlagte Eitreneselvi kraftverk ligger i Balestrand kommune i Sogn og Fjordane. Kraftverket er planlagt som et elvekraftverk med inntak på kote 490 og kraftstasjon på kote 2 nede ved Sognefjorden. Vannveien vil bestå av 675 m tunnel på øvre del og 110 m rørgate i dagen på nedre del. Det er ingen veiforbindelse inn til Eitreneset og det må derfor anlegges kai ved kraftstasjonsområdet. Det vil også bli behov for 100 m nedlagt kabel til nettilkobling og 400 m vei opp til tunnelpåhogget. Det berørte området består hovedsaklig av fattig furuskog på sure grunnfjellsbergarter. Det er ikke kartlagt viktige naturtyper eller rødlistearter innenfor tiltaks- og influensområdet, og det er heller ikke registrert fisk på den berørte elvestrekningen. Eitreneset inngår i et stort område med inngrepsfri natur som strekker seg fra fjorden og innover fjellene i Balestrand og Høyanger. De største negative konsekvensene av tiltaket vil være for landskapet og tap av Eitrefossen som landskapselement. Det er foreslått slipping av minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring i sommersesongen.

Biologisk mangfold og verneinteresser

En utbygging vil medføre rydding av furuskog i rørgate-, vei- og kraftlinjetraseene, samt i kraftstasjonsområdet. Inntaksdammen vil dessuten oversvømme et mindre myrområde i et relativt åpent terreng. Støy i anleggsperioden vil i noen grad påvirke vilt, inkludert hekkende fugl. Tiltaket vil også medføre tap av inngrepsfri sone 1 og 2 innenfor et stort sammenhengende naturområde. Tiltaket kommer imidlertid ikke i konflikt med verneområder, kjente rødlistearter eller viktige naturtyper. Til sammen gir dette er liten negativ konsekvens for biologisk mangfold og verneinteresser.

Fisk og ferskvannsbiologi

Eitrefossen og flere mindre fossefall hindrer oppgang av anadrom fisk i Eitreneselvi. Det er heller ikke sannsynlig at det finnes bekkeørret på den berørte elvestrekningen. Siden forholdene på den regulerte elvestrekningen er boniteringsmessig begrensende vil ikke utbyggingen medføre særlige negative konsekvenser for fisk og ferskvannsbiologi.

Landskap

Landskapet i tiltaks- og influensområdet er representativt for denne landskapsregionen (Midtre bygder på Vestlandet). Eitrefossen utgjør imidlertid et viktig og godt synlig landskapselement. Innsynet er størst fra sørsiden av fjorden, samt fra båt/cruisetraffikk, mens det ikke er innsyn for fastboende på nordsiden av Sognefjorden. Redusert vannføring vil medføre at fossellandskapet forringes. Utbyggingen vil også medføre varige sår i terrenget langs rørgate, vei, og kraftilinje, samt i kraftstasjonsområdet. En samlet vurdering tilsier at tiltaket vil gi en liten til middels negativ konsekvens.

Kulturminner og kulturlandskap

Det er registrert en gravrøys i området mellom den planlagte kraftstasjonen og utløpet av Eitreneselvi. Dette kulturminnet er automatisk freda etter Kulturminneloven. Området rundt Eitreneselvi bærer for øvrig få spor etter menneskelig aktivitet. Utbyggingen av Eitreneselvi vil ikke berøre det arkeologiske kulturminnet.

Landbruk

Det er ikke dyrka mark i tiltaks- og influensområdet. Utbygginga vil medføre tap av utmark, men det er lite sau på beite i de bratte skrentene rundt Eitreneselvi. Det tas heller ikke ut skog i det berørte området. Det forventes ingen konsekvens for landbruket ved elva.

Vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser

Det er ingen interesser tilknyttet vannforsyning- og resipientinteresser som vil bli berørt av utbyggingen. Det er ingen utslipp på den berørte strekningen, og det ventes derfor ikke at vannkvaliteten vil endres i nevneverdig grad.

Brukerinteresser/friluftsliv

Tiltaks- og influensområdet benyttes kun til hjortejakt, men det forventes ikke at jaktområdene blir berørt i særlig grad. Det drives ikke annet friluftsliv i området ettersom Eitreneselvi ikke er fiskeførende og forøvrig er lite tilgjengelig for folk flest. Tiltaket er vurdert å gi en liten til ingen negativ konsekvens.

Samiske interesser

Utbyggingen vil ikke komme i konflikt med samiske interesser.

Samfunnsmessige virkninger

En utbygging vil gi en marginal økning i skatteinntektene i Balestrand kommune, samt noe lokal sysselsetting i anleggsperioden. Det er ikke påvist negative samfunnsmessige virkninger av prosjektet."

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore handsama i samsvar med reglane i kap. 3 i vassressurslova. Den har vore kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn i Balestrand kommune. NVE gjennomførte møte og synfaring i planområdet den 14.11.2007. Søkjar var saman med dei som hadde gitt fråsegn til saka, invitert til å delta.

Nedanfor er det gitt ei oppsummering av innkomne fråsegner:

Balestrand kommune handsama saka i formannskapsmøte den 13.09.2006 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

"Balestrand kommune finn søknaden ryddig og greitt gjennomarbeidd. Ein er positive til at dette vassdraget kan nyttast til lokal verdiskaping, og ein vil tilrå at konsesjon vert gjeve for Eitreneselvi kraftverk. Kommunen meiner likevel at dei merknader som her er skissert, vert tatt til følge:

Vannvegar

Det bør sprengast grøft for nedgraving av nedste del av røyrkata for å verna om landskapskvaliteten.

Vegetasjonsetablering og landskapspleie.

Balestrand kommune ber om at steintipp blir tilpassa mest mogleg landskapet. Steintippen bør tilsåast og planta til snarast råd for å få til eit godt erosjonsdekkande botndekke.

Kommunen vil ikkje krevje særskild handsaming av tiltaket etter Plan- og bygningslova."

Høyanger kommune uttalar i brev av 06.12.2006 at:

"Kommunen sluttar seg til utbyggingsplanane for Eitreneselvi kraftverk på grensa til mellom Høyanger og Balestrand kommunar."

Frå saksutgreinga i kommunen refererer vi følgjande:

".....

Søknaden omfatter LNF-område på grensa mellom Høyanger og Balestrand kommunar. Anlegget medfører bygging av kai og kraftstasjon ved sjøen, og inntaksdam på kote 490, samt ein mellombels anleggsveg opp til tunnelpåhogget på kote 50. Herfra vil det går røyrgate alternativt nedgravd – eller i dagen ned til det planlagte kraftverket.

Dersom det vert bygd kai i området, kan anleggsvegen ev. gjerast permanent og nyttast til uttak av skog frå området.

Eitreneselvi utgjør eit viktig og godt synleg element i landskapsbiletet ved inngangen til verdsarvområdet lenger inne i Sognefjorden. Når og Storelvi i Måren – nokre kilometer lenger ut i fjorden er planlagt utbygd, vil ein kunne stå overfor sumverknader som forringer opplevingsverdien av fosselandskapet som særmerker fjordlandskapet langs Sognefjorden. Det skal ein etter vårt syn vere varsam med.

Høyanger kommune deler oppfatninga av at tiltaket vert vurdert til å gi liten – til ingen negativ konsekvens for friluftslivet i området – ettersom området stort sett berre vert nytta til hjortejakt vedk. grunneigarar.

Det bør leggjast vinn på å få færrest mogleg steintippar i området, og det bør vurderast å unngå røyrgate siste biten av fallet ved å sprengje sjakt eller alternativt å grave ned røyrkata. Det er og mogeleg å unngå kaibygging ved å transportere utstyret pr. båt. Derved vil ein kunne oppnå å bevare inntrykket av urørd natur i stor grad ved at det berre er kraftstasjonen som vert synleg frå sjøen.

Alternativt kan masser frå riggområdet nyttast til nedgraving av røyrgate. Kabling opp til eksisterande 22 kV-leidning vil og vere ei føremin. Varige sår i terrenget bør unngåast i størst mogeleg grad.

Føreslegen minstevassføring og vurdering av behovet for denne sluttar vi oss til.

...

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalar i brev av 26.03.2007:

".....

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere desse sakene i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskeleva og forureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter forureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Landskap og friluftsliv

Eitreneselvi er eit viktig landskapselement da særleg eit større fosseparti (Eitrefossen) er godt synleg frå sjølve Sognefjorden, og sørsida av fjorden. Fjordlandskapet er høgt verdsett internasjonalt og Noreg har ansvar for å forvalte og ta vare på dette landskapet. Eitreneselvi er landskapsmessig ei av dei viktigaste i hovuddelen av fjorden. Sognefjorden har ein båttrafikk med fleire hundre tusen passasjerar pr. år. Dette gjeld både cruisetrafikk/turistar og rutegående båtar. Redusert vassføring er ikkje ønskjeleg. Vassføringsberekningar viser at det i eit midlare år berre vil vere 30 dagar med overløp i elva (ev. i tillegg til alminneleg lågvassføring (30 l/s) om sommaren), og dette er spreidd over heile året til dagar med mykje nedbør. 5 % sommarvassføring er rekna til 77 l/s.

I tillegg vil det bli ein del inngrep i terrenget i samband med utbygginga. Ev overføring inneber 150 mm plastrøyr over ei strekning på ca. 300 m som utbyggjar reknar med vert delvis nedgrave, og terskel ved inntaket i bekken. Nedste del av hovudrøyr gata er planlagt i dagen 110 m frå tunnelpåhogget og ned til fjorden. Det må ev. byggast kai og 400 m anleggsveg fram til tunnelpåhogget på kote 50. Det vert ikkje planlagt luftkabel frå kraftstasjon til nett, men 22 kV kraftlinje må oppgraderast for å ta i mot produsert kraft. Tunnel fører til 10 000 m³ masse som skal deponerast. Det er grunn til å rekne med at overføringa, som skjer i eit sårbart landskap i dei øvre delane, blir eit uheldig og langvarig synleg inngrep. Det er også uheldig med massetipp, kai, vegar osv. nede ved fjorden som meir/eller mindre permanente inngrep i fjordlandskapet. Røyrgate i dagen meiner vi er særleg uheldig.

Fylkesmannen meiner at Eitreneselvi, og da særskilt Eitrefossen, som landskapselement har fått for låg verdi og at konfliktgraden ved utbygginga i forhold til landskap er undervurdert i søknaden. Vi viser til "Forslag til faglige retningslinjer for utarbeidelse av fylkesvise planer for småkraftverk", der fossar/elver som denne er brukt som eksempel på element som pregar eit større landskapsrom med "vesentlig betydning for totalopplevelsen av landskapet". OED har nyleg avgjort klagesaka på Sylvarnes kraftverk, og dei verdiane og omsyna til internasjonal merksemd som låg til grunn for denne avgjerda (verdas best bevara reisemål og innfallsport til Vestnorsk fjordlandskap verdsarvområde), gjeld også for Eitrenesfossen/-elvi. Vi kan ikkje sjå at minstevassføring kan vege opp for ulempene ei ev. utbygging som dette inneber.

Det går stiar frå Lånefjorden opp til stølane i Eitredalen. Eitredalen med myrområde, meandrerande elv og stølsområde er eit veldig flott område, men truleg lite brukt utanom jakt og av lokalt busette. Med dei planane som ligg føre vil ikkje dette området bli mykje påverka.

Båtfriluftsliv er aukande og vil bli meir påverka av ei ev. utbygging, særleg landskapsmessig, jf. omtalen av fjordlandskapet.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

Det er utført ein "avgrensa konsekvensutgreiing" for inngrepet. For slike utbyggingar er det særskilt viktig å få kjennskap til ev. fossesprøytsoner og fuktavhengige artar i og ved elva. Undersøkingar har ikkje avdekka slike raudlisteartar, men slik vi forstår det har ein ikkje kome til alle stader langs elva. Vassfaunaen er ikkje særskilt undersøkt. Vi meiner også at tiltaks/influensområdet er noko snevert avgrensa, då ei overføring av øvre delar av eit mindre nabovassdrag vil påverke dette vassdraget heilt ned til sjøen.

Det er i dag ingen fysiske inngrep i Eitreneselva. Området er veglaust. Oppstraums det planlagte inntaket, inst i Eitredalen, er det eit stølsområde. Ei 22 kV linje til Måren går langs fjorden ovanfor det planlagde kraftstasjonsområdet.

Det er INON sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) heilt ned til sjøen, med ei kjerne med sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) som også vert redusert ved ei ev. kraftutbygging. INON-soner frå fjord til fjell er etter kvart ganske sjeldsynte og dei har stor verdi jf. også "Forslag til faglige retningslinjer for utarbeidelse av fylkesvise planer for småkraftverk".

Fisk og fiske

Utslepp frå kraftstasjonen vil ikkje gå tilbake i elva, men bli slept på fjorden lengre aust. Den planlagt utbygde strekninga er ikkje særskilt interessant med tanke på fisk. Vi har ikkje sett elva der den går ut i sjøen, men i søknaden er det opplyst at Eitrefossen og fleire mindre fossefall hindrar oppgang av anadrom fisk i Eitreneselvi. Dersom elva skal vere uinteressant med tanke på anadrom fisk må det første hinderet vere kort avstand frå sjøen eller gyteforholda svært ugunstige. Vi har ikkje detaljkunnskapar om dette.

Ureining, vasskvalitet og støy

Det er ikkje resipient eller vassforsyningsinteresser knytt til elva. Vi ventar ikkje at vasskvaliteten skal bli vesentleg påverka i driftsfasa til anlegget. Vi føreset elles at det i ein ev. anleggsfase ikkje vert tilført miljøet giftige stoff eller deponert avfall. Anleggsdrift med ev. deponering av finstoff m.m. må vurderast i høve til ureiningslova. Det er ikkje hus i nærleik til kraftstasjonen, men støy ut over vassflata bør ev. avgrensast.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfylt i høve til landskapsverdiar og inngrepsfri naturområde. Fordi Eitrefossen er eit viktig landskapselement i høve til Sognefjorden, og det er inngrepsfrie område heilt ned til sjøen, vil vi rå ifrå kraftutbygging i Eitreneselvi slik som det er søkt om.

Det er no søkt om tre småkraftverk i tre vassdrag i Balestrand, og vi kjenner til at det er fleire under planlegging. Det hadde vore ein fordel, både for innbyggjarane og dei styrande i Balestrand kommune, og forvaltninga elles at dei ulike sakene hadde vorte sett noko meir i samanheng. Ofte er det eit mindretal av innbyggjarane som nyt godt av økonomisk utbyte frå småkraftverk, i høve til dei mange som skal forholde seg til vassdraget i dagleglivet og interesser knytt til turisme, friluftsliv osv. I mange tilfelle gjeld det lokale interessekonfliktar,

noko som i utgangspunktet også må handterast lokalt av kommunen. I kommunar med mange små vassdrag ev. sidevassdrag bør ein vurdere å utarbeide "samla plan for små kraftverk", jf. det arbeidet som er gjort i Luster kommune."

Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama saka i fylkesutvalet den 31.01.2007, samstundes med to andre kraftverk i same området. Frå den delen av vedtaket som gjeld Eitreneselvi gjeld følgjande:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi kraftverk på vilkår som nemnt nedanfor, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene, og kraftverka vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*

(.....)

4. *Det vert tilrådd alternativ 1 for Eitreneselvi kraftverk, med overføring frå feltet vest for inntaket. Det må det vurderast tiltak for støydemping slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden. Det må sleppast minstevassføring om sommaren i storleik 100-150 liter/sek, det må sprengast grøft for den nedre delen av rørgata og steintippen må tilpassast landskapet best mogleg. Tiltak i sjøkanten må så langt det er mogeleg tilpassast den verna gravrøysa like aust for utløpet til Eitreneselvi."*

Statens vegevesen har i brev av 11.08.2006 uttalt følgende om Eitreneselvi kraftverk:

"Eitreneselvi kraftverk ligg ikkje i nærleiken av riks- eller fylkesveg. Vi kan ikkje sjå at vi kan ha merknad til dette kraftverket."

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har gjeve følgjande fråsegn, datert 13.09.2006:

"Generell kommentar

Turisme er ein viktig næringsveg i Balestrand kommune. Mange tilreisande kjem til bygda for å oppleve det vakre landskapet med fjord og fjell og også vassdrag og fossar. Det vil såleis vere eit tap for både fastbuande og tilreisande om dei fleste fossane og elvane forsvinn eller får minimal vassføring. Dette må også inn i rekneskapet for tap og vinning ikkje berre når det gjeld det reint estetiske, men også økonomisk. Det er nok slik at inntekter frå eit kraftverk kan styrke busettinga og kommuneøkonomien, men kva med negative verknader for turismen t.d.? Dette må også takast med i det totale rekneskapet. I samanheng med dette vil vi også tillate oss å tvile på om inntektene frå kraftverka alltid vil kome busettinga og lokalsamfunnet til gode, noko det er lagt vekt på frå utbygarane si side som eit argument for kraftutbygging. Fleire av grunneigarane, og kanskje dei fleste, kan bu heilt andre stader, slik at dette i mange tilfelle er eit ganske tomt argument.

Kommentar til dei tre kraftverka

Det er her snakk om ein konsesjonssøknad for tre kraftverk, og av desse er nok Eitreneselvi kraftverk det mest problematiske. Ei utbygging her vil få store konsekvensar for landskapet. Konsekvensutgreiinga brukar sterke ord og seier "at Eitrefossen taper mye av sin verdi som landskapselement" og "det er antatt at den visuelle delen av elva og landskapsinntrykket vil forringes". Det blir også sagt at Eitrefossen no "gir inntrykk i terrenget", særleg då frå fjorden. I tillegg til desse verknadene vil også ei utbygging føre til "varige sår i terrenget langs rørgate, vei og kraftlinje, samt i kraftstasjonsområdet".

Konklusjonen skulle såleis vere at ei utbygging her er lite forsvarleg ut frå dei omsyna som er nemnde. Det er difor uforståeleg at både konsekvensutgreiinga og søknaden konkluderer med at

"tiltaket vil gi en liten til middels negativ konsekvens". Det ville vere meir logisk ut frå utbyggarane sine eigne premissar at konklusjonen var at utbygginga ville få "stor negativ konsekvens" for landskapet. Her må det vere mogeleg å spørje "Småkraft" og konsulentane deira: Kva skal i det heile til for at ei småkraftutbygging skal få "stor negativ konsekvens"?

Naturvernforbundet vil difor fråstå ei kraftutbygging i Eitreneselvi først og fremst ut frå omsynet til landskapet. Vi kan heller ikkje sjå at kraftverket i særleg grad vil styrke busettinga i området

Dei to andre kraftverkprosjekta, Sagelvi kraftverk og Ygleelvi kraftverk, er nok mindre problematiske. Her vil likevel sterkt redusert vassføring og gjerne turrlegging av elvane i lengre periodar ha svært uheldige verknader for landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet kring elvane og fossane. Desse to elvane er likevel ikkje så synlege i landskapet som Eitreneselvi.

Det kan også her settast eit spørsmålsteikn ved i kva grad desse to småkraftverka vil styrke busettinga. Ei utbygging av Sagelvi og Ygleelvi må såleis vurderast nøye og spesielt viktig vil det vere å sikre ei rimeleg minstevassføring i elvane."

Sogn og Fjordane Turlag har gjeve ei samla uttale datert 28.10.2006 om tre kraftverk i Balestrand som var på samstundes høyring, Ygleelvi, Sagelvi og Eitreneselvi kraftverk. Frå det som gjeld Eitreneselvi kraftverk refererer vi følgjande:

"Høyringsfråsegna vår er basert på konsesjonssøknadane med vedlegg, på samtaler med folk som er lokalkjende, på båtsynfaringar på Sognefjorden og Fjærlandsfjorden i 2005, og på generell kunnskap om området. P.g.a. stor saksmengde og manglande sakshandsamingskapasitet i Turlaget, har vi dessverre ikkje hatt tid til å synfare kvart av dei 3 prosjekta spesielt, noko som frå vår side hadde vore ønskjeleg for å kunne gje ei best mogeleg fråsegn. Vi ber om å få innkalling til NVE si sluttsynfaring.

Fråsegna vår har først ein generell del, der vi prøver å sette dei 3 konsesjonssøknadane inn i ein større samanheng. Deretter har vi omtale og konklusjon for kvar einskild utbygging.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag er eitt av Den Norske Turistforening sine 52 medlemslag, og fylkeslag for 11 lokale turlag spreidd over heile fylket. Sist oppdaterte medlemstal: 3.948.

Sumverknad av småkraftutbyggingar langs Sognefjorden:

Det er svært sterke grunnar til å sjå på sumverknaden av småkraftutbyggingar og større kraftutbyggingar langs Sognefjorden:

Norske fjordar er utpeika til verda sitt fremste reisemål. (Dette er så velkjent for NVE, at vi ikkje legg ved dokumentasjon.)

Sognefjorden vest for munningen av Aurlandsfjorden er ein av hovudinngangsportane til verdsarvområdet i/rundt Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. (Også velkjent.)

Det er etablert reiselivssamarbeid mellom Den kinesiske mur, Pyramidane i Egypt og Sognefjorden. Marknadsføring er ein viktig del av samarbeidet. Sjå vedlegg 5, som er kopiar frå NRK Sogn og Fjordane sine Internettsider, og vedlagde fil med ein Internett-kopi frå avisa Firda av 12.07.2006.

Nærøysfjorden verdsarvområde er av MD utpeika som eitt av 7 nye norske verdiskapingsprosjekt. Sjå vedlegg 6, som er ein kopi av Sogn og Fjordane fylkeskommune sine Internettsider. Med ei slik satsing er også "inngangsportane" viktige.

Sognefjorden representerer eit landskap av aller høgste nasjonale og internasjonale verdi, og er ein av landets største turistattraksjonar. Sjå vedlagde Internettkopi frå Firda av 24.05.2006 som gir oversyn over cruisebåt-trafikken på Sognefjorden i 2006. I tillegg er det **omfattande** anna turistbåttrafikk på fjorden, ein har Flåmsbana (verdskjend), og stor buss og biltrafikk på vegane langs fjorden og på ferjer over fjorden.

Det er mange verdfulle friluftsområde langs fjorden, og områda vert meir og meir brukte, både lokalt/regionalt, og av tilreisande inkl. utanlandske turistar. Friluftslivsguiding av turistar ser ut til å vere ei næring i **betydeleg** vekst. Friluftsliv på fjorden, med robåt, kajakk og kano, er aukande, og den første Kystleden er etablert – i Nærøysfjorden. Fleire kjem truleg relativt snart.

Frå "Forslag til faglige retningslinjer for utarbeidelse av fylkesvise planer for småkraftverk" som no er ute på høyring, hentar vi følgjande to sitat som gjeld landskapsverknaden:

"Småkraftverk med tilhørende infrastruktur medfører inngrep i vassdragsnaturen og ofte utnyttes konsentrerte fallstrekninger som fremstår som sentrale, tydelig og vakre landskapselementer, for eksempel fosser, elvegjel og elvedelta. I noen landskapstyper er disse elementene med på å prege større landskapsrom. Eksempelvis er markerte fosse- og elveløp langs fjordene på Vestlandet med på å understreke kontrasten mellom horisontale og vertikale linjer definert av fjordspeil og bratte fjellsider.

I slike områder har rennende vann en vesentlig betydning for totalopplevelsen av landskapet."

"Eksempler på sumvirkninger av småkraftverk i forhold til ulike tema:

Landskap: Utbygging av mange småkraftverk for eksempel innen et fjordlandskap kan føre til bortfall av flere viktige landskapselementer, for eksempel fosser og stryk, som ofte har stor betydning for landskapets karakter og særtrekk. Hvert enkelt inngrep kan isolert sett ha liten betydning, mens summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt."

På strekninga frå munningen av Sognefjorden til turiststaden Balestrand, er det langs hovudfjorden 4 fossar som har ein slik storleik at dei kan kallast "turistfossar". Dei høyrer i høg grad til mellom dei landskapselementa som er omtala ovanfor. Av desse 4 "turistfossane" har NVE dessverre allereie gitt konsesjon til utbygging av 2: Storefossen i Måren i Høyanger kommune på nordsida av fjorden og Sylvarnesfossen i Vik kommune på sørsida av fjorden. Sjå foto i vedlegg 2 og 3. (På fotoet av Sylvarnesfossen, er den planlagde inntaksstaden markert med ein oransje ring. Inntaket vert sjølvstendig ikkje på langt nær så synleg som dette, men skilnaden i vassføring ovanfor og nedanfor inntaket, vil i største delen av året verte svært så synleg.) Desse utbyggingane er no til klagehandsaming i OED. Den 3. av fossane, Eitrefossen, er til konsesjonshandsaming her. Sjå foto i vedlegg 1. Den 4. av fossane, Tennefossen, på nordsida av fjorden i Balestrand kommune, er heldigvis varig verna. Sjå foto i vedlegg 4.

Vårt syn er at for å hindre at "opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet", så bør ingen av dei 4 "turistfossane" byggast ut. Det er andre elvar som kan byggast ut i staden, til dømes Sagelvi, som er eit langt mindre viktig landskapselement. Viss nokon av dei 4 fossane skal byggast ut, så må ein i alle fall ikkje finne på å bygge ut meir enn ein av dei!

Alle dei 4 omtala "turistfossane" ligg på ei kort strekning av fjorden, frå Måren i Høyanger til nokre km vest for Balestrand sentrum. Viss ein held fram vidare innover på nordsida av fjorden og inn Fjærlandsfjorden, er det konsesjonssøkt, og til handsaming i NVE, ytterlegare 8 utbyggingar. I tillegg til Sagelvi og Ygleelvi er dette 5 kraftverk langs Fjærlandsfjorden (Småkraft AS), og ei utbygging i Sværefjorden, som grunneigarane står bak. Den sistnemnde utbygginga er i konflikt med det viktige kulturminnet Driftevegen frå Nordfjord/Sunnfjord til Sogn. I tillegg har ein på denne strekninga den store Vettleffjordutbygginga, som alt er gjennomført og i drift.

I tillegg til alle dei nemnde utbyggingane, veit vi at det i Balestrand kommune, på strekninga frå og med Lånefjorden i vest til og med Vettleffjorden i nordaust, er planar om ei heil rekkje andre utbyggingar. Ettersom dette frå Balestrand kommune si side var/er eit sentralt tema i samband med konsesjonshandsaminga av Eiriksdal/Lånefjord kraftverk, reknar vi med at NVE har betre kjennskap til desse planane enn vi har. Vi håpar at NVE gjennom si konsesjonshandsaming ser til at ikkje "kvar einaste utbyggbare elv i Balestrand" vert utbygd, men gir avslag på konsesjonssøknadane for dei viktigaste/mest verdfulle elvane. Denne vurderinga må starte alt no, i samband med dei 4 utbyggingane (desse 3 + Sværefjorden) som NVE har til vurdering! (Vi har ikkje kjennskap til at Balestrand kommune ønskjer å prioritere utbyggingane. Viss det er rett at dei ikkje vil gjere det, så må NVE gjennomføre prioriteringa!)

Kommentarar til sumverknads- og verdivurderingane i konsesjonssøknadane:

Det er gledeleg at Småkraft AS/NVE sender 3 konsesjonssøknadar på høyring samstundes. Det gjer det lettare for oss høyringsinstansane å sjå søknadane i samanheng. Men i konsesjonssøknadane har vi ikkje funne eit einaste teikn til at Småkraft AS sjølv har sett søknadane i samanheng, og kommentert sumverknadar av utbyggingane. Har vi leita for dårleg? Viss ikkje, vil vi karakterisere dette som ein vesentleg mangel ved søknadane.

Vi har spesielle kommentarar til NVK MULTICONSULT sine verdivurderingar av Landskap. Sjå først under 4.3 Landskap på side 16 – 19 i konsekvensutgreiinga for Ygleelvi kraftverk:

På side 16 finn ein følgjande sitat (som vi er heilt einige i): "Regionen har et landskap som gjør Norge internasjonalt kjent med det ultimate fjordlandskap med meget dypt innskårne fjorder og snødekte fjelltopper" (Elgersma & Asheim, 1998).

Den aktuelle utbygginga ligg i Esebotnen i Balestrand. Den nedste delen av elva som er planlagt utbygd (nedanfor samløpet mellom Ygleelvi og Botnelvi) er svært godt synleg både frå riksvegen og frå fjorden. Esefjorden/Esebotnen med dei karakteristiske, lett gjenkjennelege fjella rundt, er "bakteppet" for eitt av dei aller mest kjende turisthotella i Noreg, Kviknes Hotell - www.kviknes.no. Foto av Kviknes Hotell med Esebotnen og fjella rundt i bakgrunnen, er eitt av dei mest kjende og mest brukte motiva i den internasjonale marknadsføringa av Sogn og Fjordane (og Noreg) som turistmål. I Sogn og Fjordane er dette motivet på line med Briksdalsbreen, Nærøyfjorden og nokre ganske få motiv til. Nasjonalt er det også mellom dei fremste.

For dette eineståande og internasjonalt kjende landskapet har NVK MULTICONSULT på side 19 følgjande verdivurdering:

"Områdets inntryksstyrke og mangfold/variasjon gjør at verdien av landskapet vurderes som liten til middels til stor (B2). Klasse B favner det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvaliteter, men er ikke enestående. Dersom et statistisk stort nok materiale foreligger, vil de fleste underregioner/ landskapsområder høre til denne klassen. Klasse B1 representerer det typiske landskapet uten inngrep innenfor

regionen. Klasse B2 representerer det typiske landskapet med noe lavere mangfold og enkelte uheldige inngrep. Klasse A utgjør det ypperste av norsk landskap, mens klasse C utgjør områder med lite mangfold og et betydelig omfang av skjemmende inngrep." På den grafiske "skyveskalaen" er verdien sett om lag midt mellom liten og middels."

Vår kommentar: Når ein skal vurdere eit landskap, må ein vurdere det ut frå der det er, ikkje fullstendig lausrive frå omgjevnadane! Dette landskapet ligg i enden av Esefjorden som er ein ganske liten sidefjord til den store Sognefjorden, og det har Kviknes Hotell som eit eineståande fint blikkfang mellom Sognefjorden og Esebotnen og fjella rundt den. Dette er ikkje noko Klasse B2-landskap. Dette er eit Klasse A-landskap av Stor verdi som få andre stadar i fylket og i "Fjord-Noreg" kan måle seg med! Dette er "det ultimate fjordlandskap" med ein heilt uvanleg fin kombinasjon av landskaps- og kulturverdiar. Til samanlikning: Ville ein karakterisere Karl Johans gate i Oslo som ei **heilt ordinær** norsk byggate med berre "gjengs gode kvaliteter" fordi ein ser **heilt** bort frå Slottet som **ikkje** ligg i/ved gata?? (Det har som kjent adresse Drammensveien 1.)

NVK MULTICONSULT si verdivurdering vil vi karakterisere på følgjande "udiplomatiske" måte: Den delen av vurderinga vi har sitert ovanfor, har **ingen** verdi for å opplyse saka for NVE. Den har meir preg av "desinformasjon". Den einaste verdien vurderinga kan ha, er for å tilfredsstille eit eventuelt ønskje frå utbyggaren si side om å bagatellisere verdien av det landskapet dei ønskjer å bygge ut i. (Men vi trur ikkje Småkraft AS er så useriøse at dei har eit slikt ønskje.)

Som følgje av den fullstendig feil verdivurderinga, er også vurderinga av Konsekvensomfang fullstendig feil. Det bør settast mellom Middels og Stort negativ.

Sjå så under 4.3 **Landskap** på side 14 – 16 i konsekvensutgreiinga for **Eitreneselvi** kraftverk:

Utdrag av NVK MULTICONSULT si verdivurdering av dette vassdraget:

"Områdets inntryksstyrke og mangfold/variasjon gjør at verdien av landskapet vurderes som middels til lite (B2). Klasse B favner det typiske landskapet i regionen. Landskapet har gjengs gode kvaliteter, men er ikkje enestående. - - -" På den grafiske "skyveskalaen" er verdien sett mellom liten og middels, og **klårt** nærare middels enn liten. Verdien av dette landskapet er altså sett **høgre** enn landskapet i Esebotnen.

Vår kommentar: Dette landskapet har ein av 4 "turistfossar" langs hovudfjorden mellom munningen og Balestrand, og ein av 7 "turistfossar" mellom munningen og grensa til Verdsarv-området i/ved Nærøyfjorden/Aurlandsfjorden. Området er fullstendig urørt, bortsett frå 22 kV-lina som går langs fjorden. Dette er ikkje eit så einestående landskap, plassert i så einestående omgjevnader som landskapet i Esebotnen. Men det er ikkje noko Klasse B2-landskap heller, til det er slike fossar langs inngangsporten til Verdarvområdet for få, og området for urørt. Dette er eit landskap med Middels til Stor verdi!

Dei negative konsekvensane (for landskap) av utbygginga er også altfor lågt vurdert. Dette dreiar seg om til saman store inngrep i eit frå før fullstendig urørt område bortsett frå 22 kV-lina. Konsekvensomfanget er Middels til Stort negativt.

Reiselivsnæringa og kraftutbyggingane langs Sognefjorden:

Reiselivsnæringa er ei av Sogn og Fjordane sine **aller** viktigaste næringar - i Balestrand kommune må den vel truleg karakteriserast som hovudnæringa - og hovudgrunnlaget for næringa er naturen, med fjell, fjordar, grøne lier, brear, rennande vatn – og kulturlandskap.

Ingen del av reiselivsnæringa er høyringsinstans verken når det gjeld utbygging av "turistfossar" langs Sognefjorden eller utbygging av "turistfossar" andre stadar i fylket. Dette er svært uheldig. Det er mange "turistfossar" som er under konsesjonshandsaming i NVE akkurat no. Av dei offentlege høyringsinstansane, er det berre Fylkesmannen og nokre av kommunane som tek skikkeleg omsyn til reiselivet sine interesser. Andre kommunar - og Fylkeskommunen - ser for oss ut til å legge lite, ofte ingen, vekt på omsynet til reiselivet i sine høyringsfråsegner.

I samband med samarbeidsavtalen om marknadsføring av Den kinesiske mur, Pyramidane i Egypt og Sognefjorden, hadde vi kanskje venta at Fylkeskommunen ville få auka interesse for å ta vare på "turistfossane" langs Sognefjorden. Men har den fått det?

Ettersom ingen del av reiselivsnæringa er aktiv som høyringsinstans, ber vi NVE legge spesiell vekt på omsynet til reiselivsnæringa i vurderinga av konsesjonssøknadane frå Sogn og Fjordane. Næringa er så viktig i vårt fylke, og talet på "turistfossar" som er utbygde, under utbygging eller konsesjonssøkte, er etter kvart så stort, at dette er viktig! Når vi i Turlaget legg så pass stor vekt på å skrive om reiselivet, er det fordi vi i stor grad har felles interesse av at den eineståande vassdragsnaturen vår vert forvalta på ein best mogeleg måte. Men det er også klårt at vi i enkeltsaker har ulike prioriteringar.

(.....)

Spesielt om Eitreneselvi kraftverk:

Friluftsliv:

Det einaste friluftslivet utanom jakt som er i konflikt med denne utbygginga, er truleg friluftsliv på/i tilknyting til sjøen. Dessutan friluftsliv (fotturar) langs kyststien på sørsida av Sognefjorden (Ortnevik – Vollavik). Dette er ei fin turrute! Friluftsliv på sjøen (roing, kajakk- og kanopadling) er aukande, men har enno neppe fått særleg stort omfang i Sognefjorden. Det meste av friluftslivet i dette området, er truleg knytt til dei mange hyttene i Måren, like vest for Eitreneset. Dette gjeld både friluftsliv på sjøen, og friluftsliv på land i tilknyting til ilandstigning frå båt. Vi har dessverre ikkje kjennskap til omfanget av slikt friluftsliv.

Oppe i Eitredalen er det noko friluftsliv, mellom anna i tilknyting til stølane, men dette er neppe, eller i liten grad, i konflikt med utbygginga.

Kommentarar til utbygginga:

Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom 7 % og 174 % av gjennomsnittsvassføringa for alternativ 1 og mellom 8 % og 184 % for alternativ 2. Dette er ei hard utbygging. I eit gjennomsnittsår overstig vassføringa kraftstasjonen si slukevne i berre 30 dagar, og mange av desse dagane er om hausten, utanfor turistsesongen. Frå siste del av juni til først i september må ein stort sett rekne med at elva er tørr nedstrøms inntaket, bortsett frå minstevassføring.

2.2.2 Overføring: *Vi stiller oss undrande til at ein skal overføre eit så lite felt, ei overføring som til og med kan bli problematisk p.g.a. frost. Kvifor ikkje sløyfe overføringa?*

2.2.2 Dam og inntak: *Det bør leggest stor vekt på at dammen ikkje vert synleg frå fjorden. Eventuelt at den vert minst mogeleg synleg.*

2.2.4 Vannvei. 2.2.5 Kraftstasjonen. 2.2.6 Kai og Veibygging: *Denne utbygginga er planlagt i eit område som frå før er fullstendig urørt, bortsett frå 22 kV-lina. I eit slikt område er det ønskeleg at dei samla inngrepa vert minst mogeleg synlege. Det er oppnådd mykje gjennom at*

det vert bora sjakt og sprengt tunnel, og det er positivt. Men framleis er der uheldige inngrep som vert godt synlege, mellom anna 400 m veg i slyng oppover, og røyrgate i dagen. Å plassere kraftstasjonen ute på tuppen av Eitreneset, ser også ut til å vere uheldig.

Kunne ein oppnådd ei enda mindre synleg utbygging viss ein hadde lagt kraftstasjonen aust for, eller vest for, neset? Det beste ville vel då vere vest for neset, og å sleppe vatnet frå kraftstasjonen ut der hovudelva eller den vesle elva vestafor renn ut. Med ei slik plassering av kraftstasjonen, ville ein kanskje kunne ha eit tunnelpåhogg like ved sida av kaia, slik at veg kunne sløyfast, og ein ville til og med kunne legge kraftstasjonen, og heile tilløpsrøyret til den, inne i fjellet. Problemet med ei slik løysing er kva ein skal gjere av all steinen. Får ein løyve til å dumpe den i sjøen, viss djupna er god nok, eller må steinen deponerast på land? Dei finaste massane frå boringa kan eventuelt fraktast bort med båt. Vi ber NVE vurdere desse spørsmåla.

110 m røyr i dagen ned til kraftstasjonen er uansett uheldig, og vil truleg bli svært godt synleg. Nedsprenging vil også verte synleg, men viss arbeidet med tildekking vert gjort skikkeleg, blir det likevel betre. Ein eventuell veg bør absolutt lagast slik at den kan verte grøn i løpet av kort tid, slik at den vert mindre synleg. Lydisolering av kraftstasjonen er viktig, for å hindre at lyden spreier seg ut over fjorden!

2.2.7 Kraftlinjer: Kraftline i kabel er fornuftig, men den bør gravast ned saman med tilløpsrøyret, og ikkje ligge på toppen av fundament.

2.2.8 Massetak, deponi og rigg: Eit eventuelt deponi i dagen, må dekkast med jord og revegeterast, slik at den vert mindre synleg. Eit deponi som ikkje er dekket av jord, er uakseptabelt.

Andre kommentarar til konsesjonssøknaden:

3.4 Biologisk mangfold og verneinteresser: I tilknytning til Eitrefossen og dei mindre fossefalla nedanfor, er det sannsynleg at det er fossesprøytoner som kan ha raudlistearter. Vi kan ikkje sjå at dette er undersøkt, og ber NVE krevje ei ekstra kartlegging av dei sannsynlege fossesprøytonene langs den delen av vassdraget som er planlagt utbygd.

3.4.2 Landskap: Vi viser til det vi har skrive om landskap i første del av fråsegna, og stadfester at Eitrefossen er "et viktig og godt synlig landskapselement". I tillegg vil vi peike på at det er også dei små fossefalla/stryka nedstrøms hovudfossen. Når ein reiser forbi med båt, ser ein hovudfossen heile tida, medan terrenget gjer at kva for nokre av småfossane ein ser, endrar seg heile tida under passeringa. Med dei få "turistfossane" som er langs Sognefjorden frå munningen til grensa for verdsarvområdet, får Eitrefossen stor verdi som landskapselement. Verdien vert ekstra stor, fordi Eitrefossen vert enda sjeldnare, viss Storefossen i Måren og Sylvarnesfossen skulle bli utbygde. Dette spørsmålet er no til endeleg avgjerd i OED.

Båttrafikken på Sognefjorden og innover mot verdsarvområdet er stor:

- Cruisebåttrafikken innover Sognefjorden er omfattande og stendig aukande. Særleg stor er trafikken til Verdsarvområdet og Flåm. Berre dit kom det ca. 110.000 cruisebåt-passasjerar i 2006. Det kjem også cruisebåtar til Vik og Fjærland. (Sjå fil med artikkel frå avisa Firda.) Det vert i tillegg satsa på bygging av cruisebåtkaier både i Skjolden, i den aller inste, nordlege enden av fjorden, og i Sogndal.
- Fjord 1, Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane, har ei dagleg heilårleg hurtigbåtrute Bergen - Sogndal tur/retur.

- I tillegg har Fjord 1 i perioden 1. mai – 30. september ei ekstra dagleg turisthurtigbåt rute tur/retur Bergen – Flåm.
- Den lokale båt ruta med mellom Nordeide, Ortnevik og Vik, med 9 andre stoppestadar i mellom, og som passerer alle dei 4 "turistfossane" vest for Balestrand, og som i tillegg får med seg Kyrelvfossen kloss ved Vik sentrum, har etter kvart også vorte populær mellom turistane.
- I tillegg til dette igjen, er det ein heil del småbåttrafikk på fjorden, det er tett med båtturar til Finden og Finnabotnen, og det er fleire andre private båttilbod til turistar.

Til saman reiser det årleg anslagsvis 200.000 personar med båt forbi "turistfossane" langs fjorden. Talet er aukande. Det er heilt klårt at det er sterkt negativt viss den eine etter den andre av desse fossane vert utbygde!

3.4.3 Kulturminner og kulturlandskap: Det kulturminnet som gravrøysa er, høyrer inn i ein landskapssamanheng. Dei store inngrepa i nærområdet, med kraftstasjon, vegbygging, røyrgate i dagen og ei nesten tørrlagd elv, vil sjølvsagt berøre - i ganske stor grad – dette kulturminnet! Verdien av det vert redusert, sjølv om det ikkje vert direkte fysisk skada/øydela.

3.4.6 Brukerinteresser/friluftsliv: Vi viser til eige avsnitt om friluftsliv. Eitreneselvi er lett tilgjengeleg for folk flest – når dei brukar båt. Det er mange som gjer det på Sognefjorden. Dessutan er fossen eit viktig landskapselement for dei som går turruta langs sørsida av fjorden.

3.4.8 Samfunnsmessige virkningar: Utbyggaren har valt å sjå heilt bort frå dei negative samfunnsmessige verknadane av prosjektet som følgje av tørrlegginga av ein av dei få "turistfossane" langs Sognefjorden. Inntektene frå kraftutbygginga er sjølvsagt viktige for dei 2 grunneigarane som eig fallrettane. Men er ikkje det å ta vare på kvalitetane i verda sitt fremste reisemål viktigare? Reiselivsnæringa er ei av dei aller viktigaste næringane i Sogn og Fjordane, og den vert viktigare og viktigare! Vi meiner dei samfunnsmessige verknadane er **klårt negative**.

4.2 Minstevannføring: Viss ein skulle bygge ut, må ein i turistsesongen om sommaren, d.v.s. i perioden 1. mai – 30. september, ha ei **skikkeleg** minstevassføring, slik at ikkje fossen forsvinn som landskapselement. Ved ei minstevassføring på 200 l/sek vil kanskje fossen framleis sjå ut som ein foss, slik at den negative landskapsverknaden vert dempa. (Men inngrepa i form av veg, røyrgate, steinfylling og kraftstasjon nede ved fjorden, vil ein ha framleis!)

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Ut frå friluftinteressene, har ikkje Turlaget sterke nok grunnar til å gå mot utbygginga. Dei negative konsekvensane for friluftslivet på sjøen, og for bruken av kyststien på sørsida av fjorden, er ikkje store nok til det. Ut frå friluftinteressene er til dømes Sylvarnesfossen og Storefossen i Måren langt viktigare.

Turlaget vil likevel tilrå NVE å avslå konsesjonssøknaden. Dette er med bakgrunn i dei store nasjonale og internasjonale verdiane som er knytte til "turistfossane" langs "inngangsporten" til verdsarvområdet lenger inne i Sognefjorden. Ettersom OED no er i avslutningsfasen (går vi ut frå) av klagehandsaminga av konsesjonane for utbygging av Sylvarnesfossen og Storefossen i Måren, vil det etter vårt syn vere naturleg å sjå avgjerda i denne saka i samanheng med resultatet av dei 2 klagesakene som no ligg i OED, og det vil vere naturleg for NVE å konferere med OED om kva konsekvensar avgjerda av dei 2 klagenes skal få for Eitrefossen."

I tilleggsskråsegn etter NVE si sluttsynfaring den 14.11.2007, peikar turlaget på at dei etter synfaringa ikkje finn grunnlag for å endre konklusjonen.

Sognekraft AS har kommentert søknaden i brev av 19.01.2006 til Småkraft AS slik:

"Eitreneselvi ligger i BKK sit konsesjonsområde tilknytingsavtale må tingast med BKK. Linja frå Eitreneset er knyta saman med Sognekraft sin linje i Låneffjorden. Sognekraft har planar om reinvestering av linja Balestrand - Kvamsøy i tillegg er det på utredningsstadiet eit fiberprosjekt som inneber at Sognekraft vil reinvestere heilt til Låneffjorden. Dersom dette vert realisert må ein sjå helheten på strekningen og prøve å få ein total samfunnsøkonomisk løysning der kraftverka tek den meirkostnaden med å bygge ei linje som er kraftig nok til å ta med småkraftverka. Uavhengig av tilknytningstidspunkt."

Småkraft AS sine kommentarar til uttalanene

Innkomne uttalar er oversendt søkjar som har kommentert dei slik i brev den 28.09.2007:

"Bakgrunn

Vi viser til brev frå 8. november 2006 der dykk ber om Småkraft sine kommentarar på mottekne høyringsfråsegner vedrørande konsesjonssøknaden for Eitreneselvi kraftverk i Balestrand kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Eitreneselvi kraftverk:

Vi har motteke fråsegn frå følgjande:

- *Balestrand kommune, datert 25.9.06*
- *Sogn og Fjordane Fylkeskommune*
- *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
- *Statens vegvesen, Region vest, datert 11. 8.06 Felles uttaling for Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi*
- *Naturvernforbundet, datert 13.9.06. Felles uttaling for Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi.*
- *Sogn og Fjordane turlag, 28.10.06. Felles uttaling for Sagelvi, Ygleelvi og Eitreneselvi.*

Småkraft sine kommentarar til dei enkelte fråsegner:

Balestrand kommune:

1. *Balestrand kommune er positive til at dette vassdraget kan nyttast til lokal verdiskaping, og ein vil tilrå at konsesjon vert gjeve for Eitreneselvi kraftverk.*
2. *Det bør sprengjast grøft for nedgraving av nedste del av røyrigata for å verna om landskapskvaliteten.*
3. *Balestrand kommune ber om at steintipp blir tilpassa mest mogleg landskapet. Steintippen bør tilsåast og planta til snarast råd for å få til eit godt erosjonsdekkande botndekke.*
4. *Balestrand kommune stiller krav om at det skal vere minstevassføring tilsvarande lågvassføring på 30 l/s, grunna landskapskvaliteten.*

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft er glad for at kommunen stiller seg positiv til ei utbygging av Eitreneselvi kraftverk. Vi reknar med at anleggsarbeidet, som varer i ca. 12-16 månader, vil gje kring 15 arbeidsplassar i anleggsperioden og minst 1 varig årsverk som følge av dagleg drift.
2. Småkraft vil etterkomme krav om å grave ned nedste del av røygata. Det vil bli utført ved enten å sprengje grøft eller dekke til røyret med massar i terrenget.
3. Det er planlagt etablert ein steintipp i dalsøkk eller forsenkningar nær tunnelpåhogget. Småkraft vil tilpasse steintippen i landskapet i samarbeid med kommunen og grunneigarane. Dette vil bli endeleg avgjort i detaljeringsplanen.
4. Det er i sjølv konsesjonssøknaden planlagt ei minstevassføring på 30 l/s i sommarhalvåret mai til september.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

1. Det vert tilrådd alternativ 1 for Eitreneselvi kraftverk, med overføring frå feltet vest for inntaket.
2. Det må vurderast tiltak for støydemping slik at støy ikkje får bre seg utover fjorden.
3. Det må sleppast minstevassføring om sommaren i storleik 100-150 l/s.
4. Det må sprengast grøft for den nedre delen av rørgata og steintappen må tilpassast landskapet best mogleg.
5. Tiltak i sjøkanten må så langt det er mogleg tilpassast den verna gravrøysa like austfor utløpet til Eitreneselvi.

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft takkar for at fylkeskommunen er positiv til bygging av Eitreneselvi kraftverk. Ved å bygge alternativ 1, vil ein oppnå ein auka produksjon på 0,4 GWh/år.
2. Småkraft vil i sin detaljplan finne tiltak for støydemping. Dette skal godkjennast av NVE.
3. Det er i søknaden foreslått ei minstevassføring på 30 l/s i månadene mai til september. Ved å auke minstevassføringa sommartid vil ein få ein redusert produksjon på:
100 l/s --> tap på 0,7 GWh/år
150 l/s --> tap på 1,1 GWh/år
4. Vi viser til kommentar nr. 2 til Balestrand kommune.
5. Det er registrert ei gravrøys i området mellom den planlagde kraftstasjonen og utløpet av Eitreneselvi. Dette kulturminnet er automatisk freda etter kulturminneloven. Utbygging av Eitreneselvi vil ikkje ha innverknad på det arkeologiske minnet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

1. Fylkesmannen vurderar at denne utbygginga er konfliktfylt i høve til landskapsverdiar og inngrepsfrie naturområde. Fordi Eitrefossen er eit viktig landskapselement i høve til Sognefjorden, og det er inngrepsfrie område heilt ned til sjøen, vil vi rå ifrå kraftutbygging i Eitreneselvi slik som det er søkt om.

Småkraft sin kommentar:

1. Småkraft tykkjer det er synd at Fylkesmannen ikkje vil tilrå ei utbygging av Eitreneselvi kraftverk. Vi meiner det er mogleg å byggje ut Eitreneselvi, samstundes som ein tek omsyn til landskapet. Ein måte å vise omsyn på er slepping av minstevassføring i perioden mai til september lik alminneleg lågvassføring. Ein vil også utforma kraftstasjonen til å gli best mogleg inn i terrenget. Småkraft ønskjer å nytta elva til å produsera meir fornybar energi til fylket og framleis kunne behalda elva som eit landskapselement.

Statens Vegvesen:

1. Eitreneselvi kraftverk ligg ikkje i nærleiken av riks- eller fylkesveg. Vi kan ikkje sjå at vi kan ha merknad til dette kraftverket.

Småkraft sin kommentar:

1. Småkraft registrerer dette.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

1. Vil frårå ei kraftutbygging i Eitreneselvi først og fremst ut frå omsynet til landskapet.
2. Vi kan heller ikkje sjå at kraftverket i særleg grad vil styrke busetting i området.

Småkraft sine kommentarar:

1. Småkraft tykkjer det er synd at Naturvernforbundet ikkje vil tilrå ei utbygging av Eitreneselvi kraftverk. Vi meiner det er mogleg å byggje ut Eitreneselvi, samstundes som ein tek omsyn til landskapet. Ein måte å vise omsyn på er slepping av minstevassføring i perioden mai til september lik alminneleg lågvassføring. Ein vil også utforma kraftstasjonen til å gli best mogleg inn i terrenget. Småkraft ønskjer å nytta elva til å produsera meir fornybar energi til fylket og framleis kunne behalda elva som eit landskapselement. Småkraft meiner ei utbygging av Eitreneselvi indirekte vil vere med på å styrkje busettinga. Grunneigarane er busett i Balestrand og Høyanger kommune. Dette medfører at 13,2 % av skatteinntektene frå desse vil gå til kommunen samtidig som fylkeskommunen og staten får 14,8 %.
2. Ei utbygging vil støtte lokalsamfunnet med verdiskaping i form av varekjøp, tenester, servicetenester og arbeidsplassar. Det vil i anleggsperioden vere behov for kring 15 arbeidsplassar, og minst 1 varig årsverk som følgje av dagleg drift. Dette vil skape optimisme og pågangsmot blant kommunane sine innbyggjarar og dermed kunne vere med å hindre fråflytting og kanskje også kunne stimulere til tilflytting.

Sogn og Fjordane turlag:

1. Ut frå friluftsiinteressene, har ikkje Turlaget sterke nok grunnar til å gå mot utbygginga. ... Turlaget vil likevel tilrå NVE å avslå konsesjonssøknaden. Dette er med bakgrunn i dei store nasjonale og internasjonale verdiane som er knytte til "turistfossane " langs "inngangsporten " til verdsarvområdet lenger inne i Sognefjorden.... Det held om ein byggjer ut ein av fossane.
2. Ber Småkraft vurdere ei alternativplassering av kraftstasjonen. Forslaget er om den vil bli mindre synleg om ein plasserer den aust for, eller vest for neset. Det beste ifølgje Sogn og Fjordane turlag er vest for neset, og å sleppe vatnet frå kraftstasjonen ut der hovudelva eller den vesle elva vestafor renn ut.

3. *Nedsprenking av røyr ned til kraftstasjonen og ei skikkeleg tildekking er å føretrække framføre røyr i dagen.*
4. *Ta omsyn til isolering av støy slik at lyden ikkje spreier seg ut overfjorden.*
5. *Eit eventuelt deponi i dagen, må dekkjast med jord og revegeterast, slik at den vert mindre synleg. Eit deponi som ikkje er dekt av jord, er uakseptabelt.*
6. *Viss ein skulle bygge ut, må ein i turistsesongen om sommaren , dvs. i perioden 1. mai - 30. september, ha ei skikkeleg minstevassføring, slik at ikkje fossen forsvinn som landskapselement.*
7. *Sogn og Fjordane turlag ønskjer å få innkalling til NVE si sluttsynfaring, då dei ikkje har hatt tid til å synfare kvart av dei 3 prosjekta i Balestrand kommune.*

Småkraft sine kommentarar:

1. *Småkraft registrerer her at Turlaget på eit generelt grunnlag er negativ til utbygging av småkraftverk. Dette meiner vi er synd sidan det er mange positive faktorar knytt til ei utbygging. Vi viser til punkt 2 under Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane turlag framhevar 4 fossar som "turistfossar"; Storefossen, Sylvarnes, Eitrefossen og Tennefossen. Av desse 4 er Tennefossen varig verna, Sylvarnes har fått nei frå OED, Storefossen ligg til handsaming hos OED og den siste, Eitreneselvi, er under handsaming NVE. Som turlaget sjølv skriv, er det langt viktigare å ikkje byggje ut Sylvarneselvi og Storefossen i Måren. Småkraft er einige i at området er vakkert, men meiner at tilrådde utbygging kan gjerast utan at inntrykket og opplevinga mister sin verdi. Ei utbygging av Eitreneselvi vil mellom anna bidra til meir fornybar energi til fylket.*
2. *Kraftstasjonen er planlagt plassert på austsida av elva med ein kort utlaupskanal rett i fjorden. Her vil stasjonen være mindre utsett for dårlig vær og vi unngår også å komme i konflikt med gravrøysa på neset.*
3. *Vi viser til kommentar nr. 2 til Balestrand kommune.*
4. *Småkraft vil i sin detaljplan finne tiltak for støydemping. Dette skal godkjennast av NVE og kommunen.*
5. *Det er planlagt etablert ein steintipp i dalsøkk eller forsenkningar nær tunnelpåhogget. Småkraft vil tilpasse steintippen i landskapet i samarbeid med kommunen og grunneigarane. Dette vil bli endeleg avgjort i detaljeringsplanen.*
6. *Vi viser til kommentar nr. 3 under Sogn og Fjordane Fylkeskommune.*
7. *Småkraft har ikkje noko imot at Sogn og Fjordane turlag blir med på NVE si sluttsynfaring.*

Småkraft sin konklusjon:

Det er kome inn 6 innlegg til NVE si høyring vedrørande bygging av Eitreneselvi kraftverk. Balestrand kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune er blant dei som er positiv stilt. Småkraft meiner sjølv at det er fleire positive konsekvensar som følgje av ei utbygging og nemner blant anna auka inntekter til grunneigarne, kommune, lokale entreprenørar, tilføring av fornybar energi som betrar kraftbalansen etc."

Vedlagt kommentaren har Småkraft AS lagt ved uttale frå grunneigar Harald Koldingsnes

som dei har inngått avtale om bygging av kraftverket med. Vi refererer frå denne:

"Er småkraftutbyggina verdiskapande - eller berre øydeleggjande?"

Som grunneigarar og potensielle småkraftutbyggjarar, fekk me for nokre dagar sidan tilsendt høyringsfråsegnene frå NVE, vedrørande søknad om konsesjon for utbygging av Eitreneselvi kraftverk. Det er etter denne lesnad eg finn det naudsynt å gje nokre få kommentarar.

For å ta det positive fyrst, det er så fort gjort. Kjekt å sjå at kommune og fylkeskommune er positive til utbygging, og på den måten viser at politikarane evnar å sjå den lokale verdiskaping dette gir. At dei har merknader til planane, og stiller krav til at utbygging skal skje på ein ryddig og fin måte for å skåne landskap har me forståing for.

Dei resterande instansar som har gitt uttalar er Fylkesmann, Naturvernforbundet og Turlaget. Nokre av konsekvensane av ei eventuell utbygging vil etter deira syn, fritt tolka, bli som fylgjande:

Eitrefossen har etter at planar om kraftutbygging kom på bordet, vorte eit landemerke i Sognefjorden. Søresidingar med fri utsikt til dette spektakulære synet vil få forringa livskvalitet når fossen forsvinn, og aldri vil vise seg att. Dette beklagar me sjølvsagt! Trøysta får vera at i periodar med høg vassføring vil nok fossen vera synleg også etter ei eventuell utbygging, då det ikkje er planlagt noko stort basseng for oppsamling av overskotsvatn. Dessutan er dei nok vane med at fossen også i dag er borte i lange periodar, alt etter snøforhold i fjellet og nedbørmengde. Fossen renn ikkje på gjennomsnittsvassføring, slik det kan sjå ut til at enkelte trur.

Turistane som ferdast på fjorden for å besøkje Verdsarvfjorden inst i Sognefjorden vil truleg snu ved Kongsnes i frustrasjon over at Eitrefossen, som dei verken har høyrert eller sett noko om før, er vekke. At Sylvarnesfossen, etter eit vedtak i OED, framleis renn som Gud skapte den, er nok eit dårleg plaster på såret.

Fjordsymjarar, padlarar og elles andre som ikkje har noko forstyrrande motordur på øyra frå før, som t.d. folk i robåt, blir tvinga over på Sørsida når dei passerar Eitreneset pga at den planlagde kraftstasjonen vil sende støy utover vassflata. Som fastbuande registrerar me få av nemnde farkostar pr sommar.

Dei som passerar i dei fine lystbåtane sine vil heldigvis ikkje høyre støyen då dei bråkar langt meir sjølve. Når det gjeld ilandstiging frå båt på Eitreneset så er strandlinja her slik, utan inngrep, at det ikkje kvar dag i året, enten det er sommar eller vinter, er lurt å leggja inntil. Kanskje ein kai, som ei eventuell kraftutbygging vil medføre, hadde gjort det mindre farefullt...

Næraste nabo bur i fleire kilometers avstand, og det fører ikkje eingong gangstiar frå næraste busetnad til Eitreneset, verken innover eller utover fjorden. Terrenget langs denne delen av Sognefjorden er rett og slett så ugjestmildt at det er berre hjort som ferdast her.

Steinrøysa som ligg her er eit freda kulturminne, og det er sjølvsagt teke omsyn til dette i planane slik at den ikkje vert berørt, men den vil antagelegvis få forringa kvalitet når det renn ei turrlagd elv forbi...

Alle må snu seg vekk når dei passerar på fjorden så dei slepp å sjå dammen. Denne vil ligge godt innpå kanten i 500 m høgde, og det blir fysisk umogeleg å sjå den frå sjøen for oss med berre normalt gangsyn. Den vil sjølvsagt vere synleg for dei som går forbi i fjellet, men ikkje eingong me som grunneigarar ferdast i dette området. Unnataket er hjortejakta, og det trur eg me kan leve med.

I tillegg KAN det finnast raudlisteartar langs med elva, ymse typar mose kanskje, men ingen har hittil teke seg fram og fått sjekka dette.

Alt dette til saman gjer at "skadeomfanget ved ei utbygging vert for stort til at den kan tilrådest".

Sett ørlite på spissen er dette essensen i uttalane frå tidlegare nemnde instansar. Ført i pennen av personar som truleg også er forbrukarar av energi, men som ikkje blir heilt einige om kvar den skal komme frå. Det er få eller ingen teikn på at behovet for energi vil verte mindre i framtida. Denne utbygginga er berre eit lite bidrag til å dekke dette behovet, men mange bekker små osv... Dessutan gir dette fornybar energi utan dei altfor store inngrepa som større utbyggingar medfører.

Ingen er vel interessert i å rasere naturen, men hauste av den har menneska gjort til alle tider. At ei utbygging kan skje utan fysiske inngrep er nok umogeleg, og det vil verte sår i naturen. Kor skjemmande og øydeleggande dette vil bli kan vel heller ingen forutsjå. Det som er klart er at arbeidet vert gjort på ein mest mogeleg skånsom måte. Så har me tidlegare sett at naturen har ein eigen evne til å dekke over sår som vert skapte, enten det er av menneskehand, eller frå naturen sjølv.

At Naturvernforbundet og Turlaget uttalar seg som dei gjer er berre forventa. Det er meir skremmande at Fylkesmannen legg seg på same linje. Det er nærliggjande å tru at etter at OED sette ein stoppar for Sylvarnesutbygginga, "heng" Fylkesmannen seg på, og gjer dette til mal for alle fossar langs hovudleia av Sognefjorden.

Ingen av nemnde instansar evnar å sjå at småkraftutbygging er med på å styrkje grunnlaget for busetnad i utkantane våre.

Som eit lite sidesprang kan nemnast at dette er andre gang på 10 år at Fylkesmannen er med og reduserar næringsgrunnlaget på vårt bruk. Fyrste gongen var ved å stenge fjordlaksefisket, som har vore ei viktig næring her på garden sidan midt på 1800-talet.

Det er å håpe at desse "forståsegpåarane" innser at det er viktig å oppretthalde busetnad og bruk i utkantane før det er for seint. Desse har og ein viktig plass i det landskapet me ynskjer å presentere for besøkjande. For å få til det må dei vere med og legge til rette- ikkje verne folk i hel.

Snart står bonden øvst på raudlista- lista over utryddingstrua artar."

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Småkraft AS er et produksjonsselskap etablert av fem selskap i Statkraftalliansen, eid av Statkraft, BKK, Agder Energi, Trondheim Energiverk og Skagerak Energi.

Småkraft AS har inngått avtale med grunn- og fallrettseigarane langs Eitreneselvi i kommunane Balestrand og Høyanger for utvikling av vasskraftressursane i vassdraget. Hovudmålsettinga for grunneigarane sitt samarbeid med Småkraft AS er å styrke næringsgrunnlaget på eigedomane.

Om søknaden

Det er søkt om løyve etter § 8 i vassressurslova for utbygging og drift av Eitreneselvi kraftverk med installert effekt på 3 MW.

Utbyggingsområdet og eksisterande inngrep

Eitreneselvi og det aktuelle utbyggingsområdet ligg i kommunane Balestrand og Høyanger i Sogn og Fjordane. Elva har sitt utløp i Sognefjorden mellom Høyangerfjorden og Lånefjorden.

Det er i dag ikkje noko form for inngrep i Eitreneselvi. Innerst i Eitredalen ligg det to støyilar og 22 kV-linja til Måren går langs fjorden like ovafor planlagt kraftstasjonsplassering. Området er elles veglaust og med svært få inngrep.

Teknisk Plan

Reguleringar/overføringar

Det er ikkje planlagt reguleringar i prosjektet. Eit mindre felt på 0.3 km² vest for Eitreneselva er planlagt å overføre til inntaket gjennom eit ca 300 m langt nedgrave plastrør.

Inntak

Det er planlagt ein betong platedam med største høgde på 4 m og lengde på ca. 30 m. Inntaksbassenget får eit volum på ca. 3900 m³. Driftsvasstanden i inntaksbassenget blir på ca. kt. 490. Dammen blir plassert der det er fjell i elvebotnen og lausmasar på begge sidene. Inntaket med automatisk stengeanordning, er planlagt på venstre elvebreidd, og blir ca. 1 x 3 m. Det skal byggjast eit lite isolert treoverbygg. Det blir ikkje ført straum fram til inntaket.

Vassveg

Frå inntaket er det planlagt å bore ei sjakt med diameter på 700 mm og lengde 550 m, ned til ein 380 m lang tunnel som går ut i dagen på k. 50. Frå tunnelpåhogget blir det lagt 600 mm rør, i ei lengde på 110 m ned til fjorden. Røret frå tunnelpåhogget og ned til kraftstasjon er i søknaden planlagt montert på fundament i dagen. Det vil bli vurdert å sprengje grøft for nedgraving av røret.

Kraftstasjonen

Kraftstasjonen blir ein bygning i dagen helt nede ved fjorden like ved ei mindre kai som også blir ein del av utbyggingsprosjektet. Kraftstasjonsbygget vil bli på ca. 70 m².

Kai og vegbygging

Området er utan veg, og all tilkomst må skje frå fjorden eller med helikopter. Det er planlagt ei kai like ved kraftstasjonen. Frå kaien blir det bygd ein 400 m lang anleggsveg opp til tunnelpåhogget på k. 50.

Til all transport til overføring, dam og inntak må nyttast helikopter.

Elektriske anlegg

Det er planlagt å installere ein Pelton turbin med maksimal slukeevne på 0,72 m³/s og ein effekt på 3,0 MW.

Kraftstasjonen vil ligge ca. 120 m nedanfor eksisterande 22 kV kraftlinje. Det vil bli lagt kraftkabel i grøft opp til linja. BKK Nett er eigar av 22 kV-linja som må oppgraderast for innmating av krafta frå Eitrenes kraftverk. Kostnader til ev. anleggsbidrag er ikkje med i kostnadsoverslaget for kraftanlegget..

Massetak, deponi og rigg

Steinmassar frå vasstunnelen, ca. 10 000 m³, er det planlagt å plassere i tipp rett vest for tunnelpåhogget. All overskotsmasse er planlagt å planere inn i terrenget langs røytrase og rundt kraftstasjonen.

Anleggsrigg er planlagt å plassere ved kai og ved sida anleggsvegen rett ovafor kraftstasjon.

Hydrologiske verknader

Eitreneselvi har eit totalt nedbørfelt på 5,73 km², og middelvassføringa over perioden 1961-1990 er utrekna til 0,41 m³/s ved utløpet i fjorden. Ved inntaket er nedbørfeltet 5,41 km² og middelvassføringa 0,39 m³/s. Alminnelig lågvassføring ved inntaket er utrekna til 30 l/s. Persentilar (5%) for sommar- og vintervassføring er utrekna til høvesvis 77 l/s og 33 l/s for tilsig til inntaket.

NVEs avrenningskart for perioden 1961-1990 er nytta som grunnlag for utrekning av spesifikk avrenning for felta. Det ligg ikkje føre eigne registreringar av vassføring i feltet i dag. For omtale av variasjonar i vassføringa over året er Vassmerke 79.3 Nessedalselv (1984-2004) skalert og nytta. Dette er eit nærliggjande felt og har forholdsvis like feltkarakteristikkar.

Vassføring i Eitreneselvi er i eit midlare år prega av relativt høg vassføring frå tidleg vår til midten av juni då tilsiget frå snøsmeltinga har minka og vassføringa blir meir prega av regnflaumar utover hausten og vinteren. Vassføringstoppar frå snøsmeltinga er typisk i april og fram til midten av juni.

Utbygginga vil i sterk grad påverke vassføringstilhøva på strekkja mellom inntaket og utløpet i fjorden. Med maksimal slukeevne på ca 175 % i høve til midlare vassføring gjennom året, vil kraftverket kunne utnytte ein vesentleg del av tilsiget.

Det er planlagt å overføre ein mindre bekk som renn parallelt med Eitreneselvi. Nedbørfeltet ved overføringspunktet er 0,3 km² og midlare vassføring 23 l/s.

For Eitreneselvi er det i søknaden foreslått ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 15. mai til 15. september og inga minstevassføring resten av året. Det er ikkje foreslått noko slepp av minstevassføring i bekken som planleggjast overført.

Produksjon og kostnader

I søknaden er den årlege produksjonen i Eitreneselvi kraftverk (etter alt.1 med overføring av bekk frå Gullbergane) utrekna til å bli ca. 11,8 GWh fordelt på ca. 4,9 GWh om vinteren og ca. 6,2 GW om sommaren. Det er i søknaden utrekna ein byggekostnad på 29,9 mill. kr basert på prisnivå 2005.

NVE har sett nærare på dei framlagde utrekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine utrekningar. Det vil likevel være søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Kraftanlegget vil krevje permanent arealbruk på ca. 7 daa til røyrgate, massedeponi og veg langs røyrgata opp til tunnelpåhogget og til kraftstasjonen. For riggområdet vil det mellombels bli disponert ca. 3 daa.

Det er 2 grunneigarar som har rettar til fallstrekkinga og grunnareala som skal nyttast. Det er inngått avtale mellom dei aktuelle grunneigarane og Småkraft AS om utvikling av vasskraftressursane i vassdraget.

Forholdet til offentlege planer

Kommunale planer

I arealdelen til kommuneplanen er arealet i utbyggingsområdet utlagt til LNF-område. Det må såleis søkjast til kommune om dispensasjon for prosjektet.

Samla Plan (SP).

Prosjektet er under grensa for handsaming i høve til SP og det er heller ikkje i konflikt med eksisterande SP-prosjekt.

INON-område

Tiltaket vil, etter INON-systemet, totalt medføre ein reduksjon på 4 km² av areal i inngrepfri sone 1 og 2 (sone 2: 3,3 km² og sone 1: 0,7 km²).

Verneplan for vassdrag – andre verneplaner

Eitreneselvi er ikkje med i verneplanar for vassdrag. Det er heller ikkje andre verneplanar i området som prosjektet kjem i direkte kontakt med.

Høyring og handsaming av søknaden

Søknaden har vore handsama i samsvar med reglande i kap. 3 i vassressurslova. Den har vore kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn i Balestrand kommune. NVE gjennomførte møte og synfaring i planområdet den 14.11.2007. Søkjar var saman med dei som hadde gitt fråsegn til saka, invitert til å delta.

Ei oppsummering av konklusjonar i høyringsfråsegnene:

Balestrand kommune er positiv til at vassdraget kan bli nytta til lokal verdiskaping og rår til at det vert gjeve konsesjon. Kommunen ynskjer at, røyrgata vert lagt under bakkenivå og at steintippen vert plassert på en god måte i terrenget og tildekt etterpå..

Høyanger kommune sluttar seg til utbyggingsplanane for Eitreneselvi kraftverk på grensa mellom Høyanger og Balestrand kommunar, men peikar samstundes på at sumeffekten av mange småkraftverk i fjorlandskapet kan vere uheldig.

Sogn og Fjordane fylkeskommune Fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til bygging av kraftverket etter alternativ 1, dvs. med overføring av bekken. I fråsegna blir det m.a. skissert krav om minstevassføring på 100-150 l/s om sommaren, sprenging av grøft for nedre del av røyrkata og krav til støydemping slik at støy frå kraftstasjonen ikkje får bre seg utover fjorden. Det må takst omsyn til ei gravrøys like aust for utløpet av Eitreneselva.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikar på Eitreneselvi som eit viktig landskapselement, og da særskilt Eitrefossen, som pregar eit større landskapsrom med "*vesentlig betydning for totalopplevelsen av landskapet.*" FM meiner at konfliktgraden ved utbygginga i forhold til landskap er undervurdert i søknaden og viser til OED si avgjerd i søknaden om løyve til å bygge ut Sylvarnes kraftverk.

FM vurderer det slik at minstevassføring ikkje kan vege opp for ulempene ei ev. utbygging.

Vidare viser FM til at det er INON sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) heilt ned til sjøen, med ei kjerne med sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) som også vert redusert ved ei ev. kraftutbygging. FM peikar på at INON-soner frå fjord til fjell er etter kvart ganske sjeldsynte og har stor verdi. Røyrkata i dagen blir vurdert som uheldig.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane konkluderer med store negative konsekvensar for landskapsbildet og rår i frå ei kraftutbygging i Eitreneselvi først og fremst ut frå omsynet til landskapet.

Sogn og Fjordane Turlag framhevar i si fråsegn at Eitrefossen har stor verdi som landskapselement og plasserer den inn som ein av 4 viktige turistfossar for denne del av Sognefjorden. (Dei 4 fossane er lokalisert til Tenneelva, Sylvarnes, elva i Måren og Eitreneselva). Turlaget vurderer det slik at utbygginga kan være akseptabel i høve til verknader for turlaget sine primære interesser, men er skeptisk til verknader utbygginga vil kunne få for landskapet mot fjorden og rår i frå at det blir gjeve konsesjon.

Fordelar og skader/ulempar

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og ulempene ved prosjektet:

Fordelar

Kraftverket vil bidra til å styrke næringsgrunnlaget i lokalsamfunnet, og då spesielt for dei som er grunn- og falleigarar til kraftanlegget. Bidraget til auka produksjon av fornybar energi er positiv i det samla energisystemet.

Skader/ulempar

Bygging av kraftanlegget vil medføre fysiske inngrep i eit fjordlandskap der inngrepsomfanget frå før er avgrensa. Redusert vassføring i Eitreneselva vil kunne opplevast som negativt for landskapsbildet og spesielt vil det gjelde for Eitrefossen øvst på fallstrekka.

NVE si vurdering

Landskap og friluftsliv

NVE har ikkje motteke uttaler som peikar på at vassdraget og området har særskild verdi for friluftslivet. Dei som i det heile nyttar området er i hovudsak grunneigarar i jakttida. Vi legg såleis til grunn at for friluftslivet har tiltaket ikkje nemnande konsekvensar.

På fallstrekkinga i Eitreneselvi, som det er planlagt å bygge ut, renn elva gjennom eit område dominert av furuskog. Elva er på ein del av strekkinga skjult i terrenget og er såleis mindre synleg. Eitrefossen øvst på fallstrekkinga, utgjer likevel eit godt synleg landskapselement og då spesielt ved store vassføringar frå ein avgrensa strekning på Sognefjorden som har eit urørt preg. Fossen er også synleg frå ein sektor på andre sida av Sognefjorden.

I fleire høyringsfråsegner er det peika på fleire fossar mot Sognefjorden, på strekninga frå Høyangerfjorden og innover til Kvamsøy, som blir vurdert som spesielt viktige i fjordlandskapet. Det er i einskilde fråsegner gjort vurderingar med innbyrdes prioriteringar av kor viktige fossane er. Både Sogn og Fjordane Turlag og fylkesmannen drøftar dette tema. Det blir i fleire av fråsegnene også oppmoda om at det ikkje må takast avgjerd for Eitreneselvi før klagehandsaminga av NVE sitt løyve for utbygging av Sylvarnes og Måren kraftverk er avslutta.

Ved slutthandsaminga for Eitreneselvi i NVE, er klagehandsaminga som vist til ovafor ferdig. Det er gjennom OED si handsaminga gjort vurderingar for dei to nemnde prosjekta basert på dei særlige tilhøva og omsyn som der vart gjort gjeldane. I den grad det gjennom handsaminga av klagesakene er gjort vurderingar og konkludert slik at det gir generell eller spesiell relevans for andre saker, vil NVE kunne vektlegge det i sine vurderingar. Sylvarnes kraftverk vart avslått m.a. grunna at elva har ein stor landskapsmessig verdi ut mot Sognefjorden.

NVE ser det slik at Eitrefossen kan oppfattast som eit sentralt og viktig landskapselement for ein avgrensa sektor i Sognefjorden. Fossen sin plass i eit større landskapsbilde kan likevel knapt seiast å være av ein slik karakter at utnytting av elva til kraftproduksjon er utelukka. Etter vår meining kan ikkje denne elva med Eitrefossen seiast å ha same verdi for landskapsopplevinga frå fjorden som Sylvarneselvi. NVE meiner at det gjennom god detaljplanlegging av prosjektet er mogleg å få til ei utbygging og drift av kraftverket med avgrensa negative verknader på landskapet og opplevinga av dette, det vere seg frå fjorden eller frå land. Med avbøtande tiltak knytt til verknader av terrengmessige inngrep og andre tiltak som bidrar til at elva sin verdi som eit positivt landskapselement ikkje blir borte, vil inngrepa etter vårt syn ha avgrensa verknad. Den planlagde løysinga, med ein vesentleg del av vassvegen i tunnel, vil etter NVE si vurdering i stor grad bidra til å redusere omfanget av terrenginngrep som reint visuelt kan opplevast som uheldige. Etter vår meining lyt også den nedre delen av vassvegen gravast eller sprengast ned i grunnen og dekkast over.

Med ei maksimal slukeevne i kraftverket på ca 175 % av middelvassføringa gjennom året, vil det berre bli overløp ved inntaket ved stor snøsmelting eller i periodar med mykje nedbør. Periodar med overløp vil inntreffe ofte og til dels gjennom heile året, men mest under snøsmeltinga om vår/tidleg sommar og i nedbørsperiodar utover hausten. Det vil likevel bli slik at det dominerande bildet i lange periodar av året vil vere at tilsiget ligg innafor det som er slukeevna i kraftverket og dermed vil tilsiget til elvelaupet bli sterkt redusert. For i noko grad å redusere slike negative verknader for landskapsbildet og allmenn oppleving av elvestrekkinga, meiner NVE at det gjennom sommaren må sleppast ei monaleg minstevassføring forbi inntaket. Fylkesmannen har i si fråsegn vist til at minstevassføring ikkje i

tilstrekkeleg grad vil kunne bidra til å dempe negative verknader ved planlagt vassuttak til kraftverket. NVE delar ikkje oppfatninga av at det, sjølv med minstevassføring på utbyggingsstrekka, ikkje vil vere mogleg å unngå verknader som i monaleg grad endrar det naturlege vassføringsregimet. Søkjar sitt forslag til minstevassføring på 30 l/s i perioden mai til september meiner derimot NVE er for lite og må justerast vesentleg opp slik også turlaget og fylkeskommunen har påpeika.

I ei samla vurdering av utbyggingsplana legg NVE til grunn at overføring av ein mindre bekk frå eit felt på 0,3 km² kan akseptast i høve til landskapsmessige verknader. Denne overføringa vil representere ein midlare produksjon i året på ca. 0,4 GWh. Den vil også kunne bidra til eit romslegare grunnlag for å fastsette minstevassføring på eit nivå som er turvande for dempe verknaden av redusert vassføring i Eitrefossen. Når det gjeld eventuell minstevassføring i bekken som er planlagt overført legg NVE til grunn at feltet på ca. 0,3 km² er så lite at det truleg tidvis er turlagt også i dag. Vi ser det difor ikkje som turvande at det vert fastsett noko minstevassføring forbi overføringspunktet i denne bekken om det vert gjeve løyve. Som nemnd meiner vi det er viktigare at noko av denne vassmengda kan nyttast som del av eit minstevassføringsslepp i Eitreneselvi.

Utbygginga vil medføre ein reduksjon på ca. 4 km² av inngrepsfritt areal sone 1 og 2. Etter NVE si meining er dette ein reduksjon/bortfall som har avgrensa betydning og det er ikkje tillagt avgjerande vekt i vår vurdering. Vi syner og til at det allereie går ei kraftline med spenning på 22 kV langs fjorden. Sjølv om dette ikkje er med på å redusere INON-området vil det likevel prega området slik at det ikkje framstår som heilt urørt i dag.

Biologisk mangfald og verneinteresser

Det er ikkje registrert raudlisteartar, naturtypar eller sjeldne vegetasjonstypar som er spesielt knytt til Eitreneselvi eller den andre bekken. Fylkesmannen har peika på at det på elvestrekka er eit potensial for fossefall. Det er NVE si vurdering at ei viss minstevassføring forbi inntaket gjennom heile året vil ha ein positiv effekt på vassstilknytta liv i og langs elvestrekka. Ei minstevassføring som skal dekke opp for verknadene knytta til landskapet vil etter vår oppfatning også i godt mon vere tilstrekkelig for å ivareta desse interessene.

Støy

Det er i stor grad mogeleg å redusere støy frå ein kraftstasjon dersom det vert tatt høgde for dette i detaljplanlegginga og i byggefasen. NVE meiner det er viktig at kraftstasjonen blir etablert med støydempende tiltak som er tilfredsstillande i høve til nære omgjevnader på land og at det blir sikra tilsvarande for sjøområdet utafor kraftstasjonen. NVE kan sjå til at dette blir tilstrekkeleg vektlagt gjennom godkjenning av ev. detaljplanar.

Lokalt næringsliv

Det er framheva både i søknaden og i fleire høyringsfråsegner at det er forventningar til at utbygging og drift av kraftverket vil gje positive verknader ved å styrke det lokale næringsgrunnlaget. I NVE si samla vurdering av skader og ulemper, i høve til fordelane, vil det også vere slik at fordelar som auka inntekter til grunneigarane og lokalsamfunnet saman med ei auke i kraftproduksjonen blir tillagt vesentleg vekt.

Oppsummering

NVE legg i ei samla vurdering betydeleg vekt på at drift av kraftverket vil gje auka inntekter til grunneigarane og lokalsamfunnet og at utbygginga med naudsynte tilpassingar vil tilføre

energisystemet i underkant av 10 GWh i ny årleg kraftproduksjon. I anleggsfasen vil utbygginga gje sysselsetjing og tenesteyting for lokalt næringsliv.

Kommunane og fylkeskommunen er positive til utbyggingsplanane medan fylkesmannen, Naturvernforbundet og Turlaget uttrykker ein klar skepsis til den planlagde utbygginga. Det er då spesielt vurderingar knytt til verknader endra vassføring kan medføre for landskapsbildet som er vektlagt.

Det er NVE si vurdering at det er mogleg å gjennomføre utbygging og drift av Eitreneselvi kraftverk slik at dei samla ulempene for allmenne interesser blir av akseptabel karakter. Vurderinga her byggjer på at det vert sett krav om høgare minstevassføring enn omsøkt og at nedre del av røyrgata vert grave eller sprengd ned i bakken og dekkja over.

NVE sin konklusjon

NVE konkluderer med at fordelane ved utbygging av Eitreneselvi kraftverk er større enn skader eller ulemper for private og allmenne interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Småkraft AS får difor, i medhald av § 8 i vassressurslova, løyve til å bygge ut Eitreneselvi kraftverk etter omsøkt alternativ 1. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår. Vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Nettilknytning

Verknaden av linjetilknytninga er med i NVE si samla vurdering av prosjektet og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet. Vi finn ikkje at det er naudsynt med eigen konsesjon etter energilova.

Tilknytning til 22 kV nett og naudsynte høgspenningsanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon. Områdekonsesjonær er BKK som har gitt melding om at eksisterande linje ikkje har tilstrekkeleg kapasitet for å ta inn produksjonen frå kraftverket og at det vil bli kravd anleggsbidrag for å bygge om til naudsynt kapasitet. Tiltaket vil såleis utløyse behov for forsterkningar i nettet. Planar for nettilknytning og nødvendig forsterkningar med kostnadsfordeling må være avklart før byggearbeida kan starte. NVE set krav om at ei utgreiing med klargjering av tilhøva ligg føre samstundes med at detaljplanar blir sendt inn for godkjenning.

Om Småkraft ynskjer eigen anleggskonsesjon kan dei søkja særskild til NVE om dette når endeleg val av installasjon og linetrasé er gjort.

Kommentarar til vilkåra etter vassressurslova

Konsesjonsvilkåra er basert på standard konsesjonsvilkår for tiltak som gjeld kraftutbygging der NVE gir løyve etter vassressurslova § 8. Vi finn ikkje at der er grunn til å kommentere postar i vilkåra der det er brukt standardvilkår uendra og der det ikkje har kome inn merknader.

Post 1: Slepping av minstevassføring

I søknaden er det foreslått å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 15. mai til 15. september. Dette tilsvarar omlag utrekna alminneleg lågvassføring ved inntaket. 5-persentilverdier for sommar- og vintervassføring er oppgjeve til høvesvis 77 l/s og 32 l/s.

I fleire merknader til søknaden er det peika på som viktig at det i eit løyve i alle fall blir sett krav om minstevassføring i sommarsesongen.

Elva med Eitrefossen blir omtala som eit viktig element i fjordlandskapet. For at det etter ei utbygging framleis skal opplevast slik, er det viktig at ikkje all vassføring blir utnytta. NVE meiner at ei slukeevne i samsvar med planane vil ivareta at det vert noko overlaup.

Som nemnd tidlegare meiner NVE at forslaget frå Småkraft er for lågt når det gjeld minstevassføring om sommaren. Elva utgjer då eit landskapselement som ein lyt syte for at vert ivareteke. Vi finn det òg naudsynt med ei viss minstevassføring i resten av året, grunna omsyn til vasstilknytta liv i og langs elva. Denne treng ikkje etter vårt syn å vere på same nivå som om sommaren.

På bakgrunn av dette meiner NVE at det skal sleppast ei minstevassføring forbi inntaket på 100 l/s i tida 1. mai til 30. september. Resten av året skal det sleppast ei minstevassføring på 30 l/s. Vi finn ikkje grunnlag for å fastsette minstevassføring frå bekken som vert overført då denne har eit så lite felt at den høgst truleg er tidvis turrlagd også i dag.

Ut frå det som er oppgitt i søknaden vil dette redusere årleg forventa produksjon med ca. 1,7 GWh/år, slik at produksjonen vert på ca. 9,4 GWh/år.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessig forhold, tilsyn m. v.

NVE skal godkjenne detaljplanane for utbygginga og aktuelle planar for mellom anna inntak, dam, vegar, røyrгатetrasé, massetak/-deponi og bygging av kraftstasjon må sendast til NVE sitt regionkontor i Førde for godkjenning før arbeidet blir sett i gang. NVE vil føre tilsyn med utbygginga og sjå til at anlegget blir etablert og drifta i samsvar med krav etter post 4 om at det landskapsarkitektoniske og økologiske resultatet skal bli best mogleg.

Dersom NVE av miljømessige årsaker ikkje finn at andre løysingar er betre, skal røyrгата frå tunnelen og ned til kraftstasjonen leggjast i grøft som er sprengt eller grave ned i bakken og tildekka. Det same gjeld for overføringa av bekken fram til inntaket Vedtak om dette blir gjort som del av detaljplangodkjenninga.

Post 5: Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning er med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skader som tiltaket fører med seg og stå i eit rimeleg forhold til størrelse på tiltaket og verknader som det fører med seg.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Det er ikkje påvist automatisk freda kulturminne i utbyggingsområdet. Dersom det likevel skulle bli gjort funn av slike kulturminne under arbeidet med utbygginga, må arbeidet stogkast straks og fylkeskonservatoren få melding for ei eventuell nærare gransking på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Andre merknader

Forholdet til plan- og bygningslov

Etter "Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" er saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritekne for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen til kommuneplanen eller

gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før arbeidet med tiltaket kan settast i gong, jf. her kommunen si fråsegn til søknaden.

Tilhøvet til ureininglova skal avklarast direkte med fylkesmannen i Sogn og Fjordane.